**SAMNANGER KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Utvalet for oppvekst og omsorg**
**Møtedato:** **31.10.2012**
**Møtetid:** **15:00 - 17:00**
**Møtestad:** **Kommunehuset**

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

| **Desse medlemene møtte ikkje:** | **I staden møtte:** |
| --- | --- |
| | |

| **Andre som var til stades på møtet**: |
| --- |
| Ass.rådmann Våge |

| **Merknader:** |
| --- |
| |

| | |
| --- | --- |
| **Utvalet sitt kvarter:** | Karl Kollbotn stilte spørsmål om;<br>-Politiet sin beredskap på kveldstid og i helgene i Samnanger.<br>-Tiltak for ikkje parkera i Tyssegata,<br>Ass.rådmann orienterte om at det er mogleg å få politiet til å orientere i kommunestyret om deira arbeid i Samnanger. Det vert permanent 40 km sone fv 136, og 30 sone med fartshumpar gjennom Indre-Tysse i den tida tunnelen er under arbeid. Bjørkheim vil bli skilta ned til 50 sone. Politiet har jamneleg kontroll i gata.<br>Heidi T. Arnesen: Det er behov for merking i sjøen i Samnangerfjorden, spesielt ved Notaholmen.<br>Ass.rådmann orienterer teknisk om behovet og gjev tilbakemelding til OO.<br>Eva Hellevang: På gang og sykkelvegen ved busstoppet på Gjerde er det ikkje mogleg å følgje gangvegen i rullestol utan å måtte kjøre i hovudvegen. Ass.rådmann melder det til vegvesenet i samband med trafikksikringsarbeidet. |
| **Spørsmål/interpellasjonar:** | |
| **Dokument utlevert i møtet:** | |

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 08.11.2012

Desse sakene vart handsama:

# SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet | | | |
|---|---|---|---|
| **Sak nr.** | **Arkivsak** | **Sakstittel** | **Merknad** |
| 025/12 | 12/640 | Faste saker | |
| 026/12 | 11/175 | Etablering av senter for funksjonshemma - oppstart og organisering av arbeidet | |
| 027/12 | 12/617 | Skjenkeløyve - Rita Taule Selskapsmat 2012-2015 | |
| 028/12 | 12/534 | Val av styringsgruppe | |

**SAKNR. 025/12**
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

---

**31.10.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**
Handsaming i møtet: Utvalet sitt kvarter:
Karl Bård Kollbotn stilte spørsmål om;

- Politiet sin beredskap på kveldstid og i helgene i Samnanger.
- Tiltak for ikkje parkera i Tyssegata,

Ass.rådmann orienterte om at det er mogleg å få politiet til å orientere i kommunestyret om deira arbeid i Samnanger.
Det vert permanent 40 km sone fv 136, og 30 sone med fartshumpar gjennom Indre-Tysse i den tida tunnelen er under arbeid. Bjørkheim vil bli skita ned til 50 sone.
Politiet har jamnleg kontroll i gata.

Heidi Arnesen: Det er behov for merking i sjøen i Samnangerfjorden, spesielt ved Notaholmen. Ass.rådmann orienterer teknisk om behovet og gjev tilbakemelding til OO.

Eva Hellevang: På gang og sykkelvegen ved busstoppet på Gjerde er det ikkje mogleg å følgje gangvegen i rullestol utan å måtte kjøre i hovudvegen. Ass.rådmann melder det til vegvesentet i samband med trafikksikringsarbeidet.

**OO-025/12 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 026/12**
**ETABLERING AV SENTER FOR FUNKSJONSHEMMA - OPPSTART OG ORGANISERING AV ARBEIDET**

**31.10.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**
Handsaming i møtet: Fellesframlegg: ”

**<u>Mål for arbeidet</u>** : Utarbeida planar og gjennomføra bygging av senter for funksjonshemma. Senteret skal innehalda bustader med heildøgns tilsyn samt dagsenter/aktiviseringstilbod og husvære til bruk for avlasting.

**Organisering:**




**Mandat til styringsgruppa:**

- Godkjenna organisering av prosjektet
- Gje tilråding til kommunestyret om omfanget av prosjektet og byggjeprogram.
- Under føresetnad av at tiltaket kan gjennomførast innan gitt økonomisk ramme, fatta vedtak om iverksetjing av byggeriet.

**Mandat til prosjektgruppa:**

- Utarbeida underlagsmateriell som skildrar behov og driftsform.
- Utarbeida rom-/byggjeprogram
- Foreta mindre endringar i høve til rom-/byggjeprogram gitt at det ligg innan økonomisk ramme.
- Rapportera til styringsgruppa om status og framdrift

**Referansegruppa:** bruk av den skal avklarast tidleg i prosessen.

**Prosjektleiar sine arbeidsoppgåver** skal skisserast med særleg fokus på ansvar/mynde. Dette ansvaret ligg på prosjektgruppa.

**Arbeidsoppgåver til arbeidsgruppene**
Dette må drøftast evt. i prosjektgruppa. Det vil vera den som sender bestilling."
Samrøystes vedteke.

**OO-026/12 VEDTAK:**

**Mål for arbeidet :** Utarbeida planar og gjennomføra bygging av senter for funksjonshemma. Senteret skal innehalda bustader med heildøgns tilsyn samt dagsenter/aktiviseringstilbod og husvære til bruk for avlasting.

**Organisering:**




**Mandat til styringsgruppa:**

- Godkjenna organisering av prosjektet
- Gje tilråding til kommunestyret om omfanget av prosjektet og byggjeprogram.
- Under føresetnad av at tiltaket kan gjennomførast innan gitt økonomisk ramme, fatta vedtak om iverksetjing av byggeriet.

**Mandat til prosjektgruppa:**

- Utarbeida underlagsmateriell som skildrar behov og driftsform.
- Utarbeida rom-/byggjeprogram
- Foreta mindre endringar i høve til rom-/byggjeprogram gitt at det ligg innan økonomisk ramme.
- Rapportera til styringsgruppa om status og framdrift

**Referansegruppa:** bruk av den skal avklarast tidleg i prosessen.

**Prosjektleiar sine arbeidsoppgåver** skal skisserast med særleg fokus på ansvar/mynde. Dette ansvaret ligg på prosjektgruppa.

**Arbeidsoppgåver til arbeidsgruppene**
Dette må drøftast evt. i prosjektgruppa. Det vil vera den som sender bestilling."

**SAKNR. 027/12**
**SKJENKELØYVE - RITA TAULE SELSKAPSMAT 2012-2015**

**31.10.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**
Handsaming i møtet: Fellesframlegg:" Rita Taule Selskapsmat får skjenketider i tråd med søknad for øl og vin frå kl 12.00 – 01.00 alle dagar og for brennevin frå kl 13.00 – 24.00. Skjenkeløyve gjeld i selskap, i lukka lag og til eigne overnattingsgjestar."
Framlegget var samrøystes vedteke.

**OO-027/12 VEDTAK:**
Rita Taule Selskapsmat får skjenketider i tråd med søknad for øl og vin frå kl 12.00 – 01.00 alle dagar og for brennevin frå kl 13.00 – 24.00. Skjenkeløyve gjeld i selskap, i lukka lag og til eigne overnattingsgjestar.

**SAKNR. 028/12**
**VAL AV STYRINGSGRUPPE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**31.10.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**
Handsaming i møtet: Fellesframlegg:
" 3 Politiske representantar: Eva Hellevang, Liv Berit Befring, 1 kommunestyrerepr. (avklart til i KS-møte) og 2 administrative representantar som rådmannen nemner opp."
Samrøystes vedteke.

**OO-028/12 VEDTAK:**
Styringsgruppe for internasjonalt engasjement si styringsgruppe består av følgjande medlemmer;

- 3 Politiske representantar: Eva Hellevang, Liv Berit Befring, 1 kommunestyrerepr.(avklart til i KS-møte)
- 2 Administrative representantar som rådmannen nemner opp.